



Sunnmøre friluftsråd

MØTEBOK ÅRSMØTE 2018

Årsmøtet vart halde den 14.03. på Eidet omsorgssenter i Haram kommune. Innkallinga vart sendt ut 02.03.2018.

Før møtet var det tur til det statleg sikra friluftsområdet Gurinesbukta på Vatne. Ordførar i Haram og styreleiar i friluftsrådet, Vebjørn Krogsæter, var vegvisar og fortalte om tilretteleggingsarbeidet i området og verdien av å sikre også små område som dette. Leiar i LHL Ørskog/Skodje/Haram, Odd Arne Grande, tok imot med fyr i bålpanna og servering av kaffi ved grindbygget. Han orienterte om dugnadsarbeidet og aktiviteten til LHL og samarbeidet med friluftsrådet.

Ordførar Vebjørn Krogsæter ønska årsmøtet velkomen på vegner av Haram kommune og fortalte om filosofien bak bygget møtet vart halde i. I tillegg til miljøvennlege tekniske løysingar, er det lagt til rette for at bebuarane i det nye omsorgssenteret også skal kunne delta i friluftsliv og vere ein del av samfunnet rundt. Gapahuken med bålpanne rett utanfor kafeen er til fri bruk, leikeplassen på området blir m.a. brukt av barnehagen like ved, og skulevegen går over området. Ein el-sykkel (rickshaw) med plass til tre er ofte på tur med bebuarar som ønskjer det, for å nemne noko.

Årsmøtet vart opna med registrering av dei frammøtte utsendingane.

Desse møtte på årsmøtet:

| | | |
|-----------------|--|--------------------------------------|
| Giske kommune | Birger Honningsvåg Hans Petter Godø | Styremedlem Utsending |
| Haram kommune | Vebjørn Krogsæter Norvald Lausund Joakim Skaar | Styreleiar Utsending Utsending |
| Norddal kommune | Solveig Linge Stakkestad Andreas Håvoll | Styremedlem Utsending |
| Skodje kommune | Modolf Hareide Karoline Stette | Styremedlem Utsending |
| Stordal kommune | Fråfall pga. kommunestyremøte | |
| Sula kommune | Trygve Holm Alice-Mari Blomvik | Styremedlem Utsending |
| Vestnes | Skafti Ingi Helgason | Styremedlem |
| Ørskog | Janet Roelofs | Styremedlem |
| Ålesund | Jarle Hauge Steffenssen | Styremedlem |

Stranda Jostein Dalen Styremedlem

Frå dei nye kommunane som vart tatt opp som medlemmar:

Ulstein Knut Erik Engh Styremedlem
 Kristine Dale Utsending
 Arild Støylen Utsending

Volda Tollak Mikal Kaldheim Styremedlem
 Annlaug Stokke Utsending
 Uthman Harbid Utsending

Ørsta Karen Høydal Styremedlem
 Per Ivar Lied Utsending
 Ingvild Endal Utsending

Andre framømte May Britt Haukås Dagleg leiar Sunnmøre friluftsråd
 Merete Løvoll Rønneberg Leiar valnemnda

Årsmøtet vart sett med 15 røysteføre delegatar. Etter handsaminga av sak. 3 fekk dei 9 utsendingane frå Ulstein, Volda og Ørsta røysterett i dei resterande årsmøtesakene.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner innkallinga og sakslista for årsmøtet 2018

Sak 2: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under møteboka

Årsmøtet foreslo Alice-Mari Blomvik og Jarle Hauge Steffenssen til å skrive under møteboka, dagleg leiar som sekretær og styreleiar som ordstyrar.

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet vel styreleiar Vebjørn Krogsæter som ordstyrar og dagleg leiar May Britt Haukås som sekretær, og Alice-Mari Blomvik og Jarle Hauge Steffenssen til å skrive under møteboka.

Sak 3: Godkjenning av Ulstein, Volda og Ørsta kommunar som nye medlemmar

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet ønskjer Ulstein, Volda og Ørsta kommunar hjarteleg velkomne som nye medlemmar i Sunnmøre friluftsråd frå 1.1.2018. Årsmøtet gir representantane frå Ulstein, Volda og Ørsta røysterett i dei resterande sakene på årsmøtet 2018.

Sak 4: Endringar i vedtektene

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner forslaget til nye vedtekter for Sunnmøre friluftsråd.

Sak 5: Handsaming av årsmeldinga frå styret for 2017

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga til Sunnmøre friluftsråd for 2017.

Sak 6: Rekneskap for 2017

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2017

Sak 7: Budsjett og arbeidsprogram for 2018

Samrøystes vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner budsjett og arbeidsprogram for 2018.

2. Årsmøtet gir styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida vert avklart.

Sak 8: Medlemskontingent for 2019

Samrøystes vedtak:

Medlemskontingenten for 2019 vert sett til kr. 18,72 per innbyggjar.

Sak 9: Møtegodtgjersle 2018

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet vedtek å auke satsane for møtegodtgjersle til styret i 2018 i samsvar med forslaget frå administrasjonen.

Sak 10: Val

Kommunane som skulle gjere det hadde valt sine medlemmar før årsmøtet. I tillegg hadde Ulstein, Volda og Ørsta kommunar valt styremedlem med vara. Merete Løvoll Rønneberg la fram innstillinga frå valnemnda på val av leiar, nestleiar, revisor og valnemnd for årsmøtet 2019. Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

Medlemmane i styret fram til og med årsmøtet i 2019 er:

| | | | |
|---------------|-----------------------------|---|---|
| Giske | : Styremedlem Varamedlem | Birger Honningsvåg Marit G. Alnes | 2018 – 2020 (attval) 2018 – 2020 (ny) |
| Haram | : Styremedlem Varamedlem | Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre | 2017 – 2019 2017 – 2019 |
| Skodje | : Styremedlem Varamedlem | Modolf Hareide Geir Ove Leite | 2018 – 2020 (attval) 2018 – 2020 (attval) |

| | | | |
|----------------|------------------------------------|---|---|
| Sula | : Styremedlem Varamedlem | Trygve Holm Stine M. Lerheim | 2017 – 2019 2017 – 2019 |
| Stordal | : Styremedlem Varamedlem | Eva Hove Frode Færøy ? | 2018– 2020 (ny) 2018 – 2020 (attval?) |
| Vestnes | : Styremedlem Varamedlem | Skafti Ingi Helgasson Inge Bergum | 2017 – 2019 2017 – 2019 |
| Ørskog | : Styremedlem Varamedlem | Janet Roelofs Knut Helge Harstad | 2018 – 2020 (attval) 2016 – 2018 (attval) |
| Ålesund | : Styremedlem Varamedlem | Jarle Hauge Steffenssen Yngvild Braute | 2017 – 2019 2017 - 2019 |
| Norddal | : Styremedlem Varamedlem | Solveig Linge Stakkestad Ole Henrik Uri | 2018 – 2020 (attval) 2018 – 2020 (attval) |
| Stranda | : Styremedlem Varamedlem | Jostein Dalen Karl Martin Axel Bostrøm | 2017 – 2019 2017 – 2019 |
| Volda | : Styremedlem Varamedlem | Tollak Mikal Kaldheim Annlaug Stokke | 2018 – 2020 (ny) 2018 – 2020 (ny) |
| Ørsta | : Styremedlem Varamedlem | Karen Høydal Stein Aam | 2018 – 2020 (ny) 2018 – 2020 (ny) |
| Ulstein | : Styremedlem Varamedlem | Knut Erik Engh Steinar Torvik | 2018 – 2020 (ny) 2018 – 2020 (ny) |

Styreleiar (2018-2019) : Vebjørn Krogsæter (attval)

Nestleiar (2018-2019) : Janet Roelofs (attval)

Revisor (2018-2019) : Kommunerevisjonsdistrikt nr.3 i Møre og Romsdal IKS

Valnemnd:

Leiar: Merete Løvoll Rønneberg (1 år, attval til 2019)

Medlem: Aud Sissel Suoranta (tidl. vara: Valt for 2 år – t.o.m. 2020)

Medlem: Per Ivar Lied (ny) (3 år t.o.m. 2021)

Vara: Mariann Barstad (ny) (1 år til 2019)

May Britt Haukås

Dagleg leiar

Møteboka frå årsmøtet vert godkjent:

Dato/stad 17/4-2018 Ålesund Dato/stad 21/3-2018 Ålesund

Alice-Mari Blomvik

Alice-Mari Blomvik

Jarle Hauge Steffensen

Jarle Hauge Steffensen